

Eg skjelv naar eg tenkjer

Tone: Dei vil alltid klaga aa kyta

1) Eg skjelv naar eg tenkjer paa stoda
heila verdi er komen uppi
Gud bevars naa i bladi eg skodar
daa eg bivrar som lauv uti lid

2) Eg vender meg fyrst til min skapar
til den store, den heilage Gud
han som syndi forbjodar og hatar
han som gav os dei heilage bud

3) Han som lyste fred over jordi
han som tordna paa Sinai fjell
han som tala dei mektige ordi
du skal ikkje slaa nokon ihel

4) Vil du fader at landi skal snøydast
vil du borni skal myrdast i kav
vil du gaavorna soleis skal øydast
skal dei brennast aa søkkjast i hav

5) Nei, din vilje den hev du stempla
inni saali i samvite vort
aa me sjaa den i ord aa exempla
ja, me sjaa den i smaat aa i stort

6) Men med nokre ord kan ein seia
heile himmelens hugnad aa fred
folk i verdslegdom bort heve feia
no ved Babylons elv sit ein gred

7) Til aa røva, brenna aa brjota
faa til oska baa' klæde aa mat
til aa myrda, skjenda aa skjota
det fortener Guds heilage hat

8) No paa rusting alle folk stræva
snart ei menneske-slagting kjem paa
so da synes so grei ein 'kje leva
i den freden so Gud let os faa

9) Ja so Gudlaus som det kan væra
ikkje bry seg om himmelens fre
aa so borni, vor ungdom, vor æva
som so grueleg skal hoggast ned

10) Aa du, korleis Gud hev velsigna
folk aa krøter hev funne sit braud
no skal kulorna yver det rigna
Gud bevarer kva liding aa naud

11) Ein kan laata, klagja aa syta
ja, det let seg naar alt gjenge vel
men tenk daa naar ein ikkje kan kyta
daa naar harmen hev fengsla vor sjel

12) Er her nokon so ikkje harmast
aa skjelv for det rennande blo
er her nokon som ber, Gud forbarmast
gjev han kom med sin peikefing no

13) Her er mange, maa me no vona
de' 'kje vel um det ikkje er so
dar kjem hjartesukk fraa milliona
upp til Gud i slikt blodbad so no

14) Denne krigen sete sitt mærkje
naar me leva so faar me da sjaa
aa vor Herre han løner alt herkje
som i vondskap slikt yrkje tek paa

15) Gud vor frelsar du dine bevare
styrk deim i tru paa deg aa ditt bud
aa hjelp heim til den tallause skare
dei so døyr, aa i deg anda ut